



Litteraturdagane i Vinje

24.–26. august 2018

a.o. Vinje

Utgivar: Nynorsk kultursentrum
Ansv. redaktør: Ottar Grepstad
Opplag: 7 000
Trykkeri: ETN Grafisk, Skien

Forteljingar som vil bli med heim

Litteraturdagane i Vinje er ikkje som festivalar flest. Den typiske festivalen blir avvikla frå ei eller fleire scener på eit avgrensa område. I Vest-Telemark er det derimot mange grender og få sentrum. Difor inviterer vi festivalgjestene til mange scener i Vinje – Edland, Smørklepp, Vinje, Åmot og Rauland. Dette er ein festival som dekkjer heile litteraturen – og heile vertskommunen. Vi er jamvel i Bø og på Dalen.

Frå 2018 er det Nynorsk kultursentrum som eig og driv Litteraturdagane i Vinje. I respekt for alt godt som før er gjort, har vi lagt vekt på at tidlegare gjester skal kjenne seg heime også i år. Samstundes ønskjer vi også nye gjester velkomne til ein festival prega av ro, oppbrot og gjensyn med gjester ein møtte på førre arrangement.

Ein utsøkt gjeng av forfattarar, musikarar og songarar er klare til å fylle nær 30 arrangement med uventa opplevingar og ny innsikt midt i kunsten og kunnskapen, litt bortanfor kvardagen. Det kan bli minne og forteljingar å ta med heim.

Kristian W. Rantala,
dagleg leiar Vinje-senteret

Høgdepunkt i utval

Vesaas-foredraget Rita Mundal: Tustar før Tusten. Om Botolv Bufast og andre for-gjengarar for Mattis i forfattarskapen til Tarjei Vesaas.

Huldra Tord Gustavsen Ensemble framfører eit tingingsverk bygt på eit kapittel i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* av A.O. Vinje. “Det skal ikkje vere lov å skape noko så vakkert”, sa ein etter urpremieren under Dei nynorske festspela i juni.

Fløgstads songbok Etter 50 år som lyrikar har romanforfattaren og essayisten Kjartan Fløgstad samla eigne verk i Fløgstads songbok. Slikt blir det konsert av med Gabriel Fliflet og Berit Opheim.

Vinje, vår mann Lars Amund Vaage har laga manuskriptet til denne framsyninga med Lars Amund Vaage (kåseri, piano), Aasmund Kaldestad (song) og Kyrre Eikaas Ottesen (tekstar av Vinje).

Det store spelet Atle Grønn og Åse Wetås samtalar om sjakk i språk og litteratur over eit av meisterpartia til Magnus Carlsen.



Lars Amund Vaage

Foto: Hans Jørgen Brun

Festivalprofil: A.O. Vinje

Journalisten, diktaren og talaren Vinje (1818–1870) gav ut sju bøker, 40 småtrykk og særtrykk, skreiv over 1500 artiklar og essay og vel 400 dikt og songar. Han “var banebrytande ved å gjere landsmålet til eit levande bruksspråk, med avisa Dølen, og han la grunnlaget for ein nynorsk essaytradisjon. Mange av Vinje sine dikt er tonesette, og fleire av dei er blitt folkekjære songar”, skriv Kristian Lødemel Sandberg i Allkunne.no.

Fredag 24. august

- 09.00 Blomar ved bauta: Storegut-statuen
- 10.00 Tekstar av A.O. Vinje på Edland Omsorgssenter
- 14.30 Vinje vestanfor, Vinjar samfunnshus
- 15.30 Vinje in English, Vinjar samfunnshus
- 19.30 Tingsingsverket *Huldra* på Vinjehuset

Laurdag 25. august

- 10.00 Vinje, makta og økonomien på Raulandsakademiet
- 16.00 Gubben på sokkelen. Familieforestilling på Vinjehuset
- 18.00 Vinje, vår mann på Edland samfunnshus

Søndag 26. august

- 10.00 Litterær vandring frå Plassen til Vinje kyrkje
- 13.00 Vinjes Rosa på Vinje biletgalleri

Kvar dag 11.00–17.00

Omvisingar i Vinjestoga kvar time

Opning med Ragnar Hovland

Fredag 24. august kl. 12.00–12.45

Vinjar samfunnshus, kr 150

Med opningshøgtid på Vinjar samfunnshus fredag føremiddag er Litteraturdagane i Vinje offisielt i gang. Fram til søndag ettermiddag blir det nær 40 arrangement med nokre av dei fremste forfattarane, songarane og musikarane i landet.

Direktør **Åse Wetås** i Språkrådet held opningstalen, og kulturminister **Trine Skei Grande** helsar festivalen via storskjerm. Hovudgjesten er forfattaren **Ragnar Hovland** (fødd 1952) med sin rike forfattarskap. Som ein Vinje er Hovland ofte undervegs, iallfall er hovudpersonane i bøkene hans det. Det

får publikum høyre meir om.

Etter **festivallunsj** i underetasjen held programmet fram med foredrag av beste slag.



Ragnar Hovland

Foto: Julie Pike

Rosa Vinje og Anne Hytta

Søndag blir det **litterær vandring** frå Plassen kl. 10.00 til Vinje kyrkje. Stein Versto les frå eiga dikting ein stad på vegen.

Vinje sokneråd inviterer til **festival-gudsteneste** med litterær ettertanke i Vinje kyrkje. På kyrkjegarden er Tarjei og Halldis Moren Vesaas gravlagde.

Festivalen blir avslutta på **Vinje biletgalleri** på Smørklepp der Jon Haarberg held foredrag om Rosa Kjeldseth – Vinjes store kjærleik og tragedie.

Med sitt inderlege hardingfelespel avsluttar **Anne Hytta** Litteraturdagane i Vinje 2018.



Anne Hytta

Foto: Geir Dokken

Huldra

Fredag 24. august kl. 19.30–20.45

Festsalen, Vinjehuset kr 400

Det eineståande verket *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* av 200-årsjubilanten A.O. Vinje har inspirert **Tord Gustavsen** (fødd 1970) til tingsingsverket *Huldra*.

Boka er eit ope verk med forteljingar, essayistisk leiting og intense dikt. Like ope er verket som blir framført fredag kveld.

Gustavsen har med seg skodespelar Cecilie Jørstad (lesing), Tore Brunborg (saksofon), Sigurd Hole (kontrabass), Jarle Vespestad (trommer) og Rune Børø (lyd).



Tord Gustavsen

Foto: Hans Fredrik Asbjørnsen

Aslaug Vaa i *Nynorsk litteraturhistorie*

Vaa sjølv kom frå Vest-Telemark, fødd i Rauland og oppvaksen i Kviteseid. Ho brukar ofte dialektformer som “lond”, “hond” og “fjordan”, så dei fleste som kjenner dikta hennar, vil straks tenkje på det beste i telemarkskulturen. Ho var då også tremenning til både Tarjei Vesaas og Eivind Groven. Har nokon fått med seg tradisjonskulturen i dåpsgåve, så må det vera henne. Men den lokale kulturbakgrunnen er berre den eine kanten av hennar univers. Den andre er verda den vide. ...

Det store og merkelege med Vaas dikting er at ho formulerer ein viktig kulturkritikk i pakt med ein stor diskusjon i sin periode, på ein heilt annan arena. Ho finn det førreflekterte og umisselege livet i det språket ho kjenner frå “nord”, frå “Telemarkin”, og spelar det inn i staden for omgrep som “opplysningens dialektikk”, men det handlar om det same.

Jan Inge Sørbo: *Nynorsk litteraturhistorie*, Samlaget 2018

Dei nynorske fornyarane

Jan Inge Sørbo (fødd 1954) har fått mange lovord for storverket *Nynorsk litteraturhistorie*. Ei av dei lange linjene på dei 680 sidene er dei nynorske fornyarane, som A.O. Vinje i 1850-åra, Olav Aukrust i 1920-åra, Aslaug Vaa i 1930- og 40-åra, Marie Takvam i 1950-åra, Kjartan Fløgstad i 1970-åra. Kva denne fornyinga handlar om, fortel han i eit foredrag fredag.

Litteraturhistorie på nett

I samarbeid med Samlaget lanserer Allkunne.no ein redigert kortversjon av *Nynorsk litteraturhistorie* på nett torsdag 23. august.

Redaktør **Per Magnus Finnanger Sandsmark** (fødd 1989) presenterer den nye nettsida på Bø vidaregåande skole og Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen. Det gjer han saman med redaksjonssekretær **Stina Aasen Lødemel** og forfattaren **Marit Kaldhol** (fødd 1955). Ho har mellom anna skrive mange viktige bøker for barn og unge.

Festival på Rauland laurdag

Rita Mundal fortel om tustar før Tusten i **Vesaas-foredraget 2018**, Kjartan Fløgstad minner om den viktige forfattarskapen til hundreårsjubilanten **Vidar Sandbeck**, og Morten Søberg ser nærare på det Vinje skreiv om **pengar og økonomi**.

Sjakkommentator Atle Grønn og språkdirektør Åse Wetås samtalar om sjakk i språk og litteratur i **Det store spelet**.

Raulandsakademiet sel festivallunsj og har **open kafé** utover ettermiddagen.

Etterpå går det buss langs Totak til Rauland for dei som vil på festkveld, og kven vil ikkje det?



Åse Wetås

Foto: Presse

Festival i Åmot fredag

Blomar ved bauta er ein festivalsignatur frå Nynorsk kultursentrum. Ordførar Jon Rikard Kleven legg blomar ved statuane over Tarjei og Halldis Moren Vesaas. Festival-veteran Ragnvald Christenson gjer det same ved Storegut-statuen på Edland. Fredag føremiddag kjem Litteraturdagane og **Marit Kaldhol** til Rauland skule og Åmot skule.

Om kvelden fyller vi Vinjehuset med tingsingsverket *Huldra* og festivalkro der Allkunne-redaktør **Per Magnus F. Sandsmark** inviterer til litteraturkviss.



Marit Kaldhol

Foto: Øyvind Eide

Festkveld på Edland laurdag

Er det skrive noko betre på nynorsk enn *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*? Lars Amund Vaage (fødd 1952) tvilar. Han har skrive framsyninga **Vinje, vår mann** der han sjølv kåserer og er tonefølgje på piano til Aasmund Kaldestad, og Kyrre Eikaas Ottesen les tekstar av Vinje.

Stein Versto deler ut **Storegutprisen 2018** til Olav Vesaas. Saman med Berit Opheim og Gabriel Fliflet framfører Kjartan Fløgstad songar frå **Fløgstads songbok**.

Kling og gomme står på menyen denne kvelden. Det går buss til festivalkro på Raulandsakademiet etterpå.



Foto: ukjend




Foto: Julie Pike

Vinje utanskjers

Songane til Vinje er svært vanskelege å gjendikte til gode songar på engelsk, seier den engelske mezzosopranen og Noreg-kjennaren **Beryl Foster**. Berre på engelsk ligg det føre over 130 gjendiktingar av Vinje-songar til engelsk. Eit dusin av dei har ho stått for sjølv. Fredag ettermiddag snakkar Foster på Vinjar samfunnshus om Vinje på engelsk – med musikalske illustrasjonar.

Guy Puzey (fødd 1984) underviser i skandinaviske språk og litteratur ved universitetet i Edinburgh. Han har omsett verdssuksessane av Maria Parr til engelsk og har meir enn noko annan studert Vinjes opphald i Edinburgh for 150 år sidan.



Beryl Foster

Foto: privat



Edinburgh 1850

Foto: ukjend

Vinjedagen i Åmot

Vinjedagen laurdag byr på fotballcup, aktivitetar, handel og opplevingar for store og små. Arrangøren Vinje Næringslag fyller opp parkeringsplassen og vegen mellom Fristadsenteret og Spar Bratland med mobile butikkutsal, infokioskar og sals- og handverksboder.

Frå scena i Vesaasparken blir det mange innslag. Vi har invitert vokalist **Sigrid Aase** (Hajk) og faren **Oddbjørn Aase** (E 76) frå Flatdal til å syngje og spele songar dei sjølv liker.

Vinje barneteater er ei teatergruppe med born og unge under leiing av **Aasmund** og **Ellen Nordstoga**. Laurdag kjem dei til Vinjehuset med ei fersk familieførestilling: *Gubben på sokkelen* – familieførestilling om A.O.



Aasmund Nordstoga

Foto: Marcel Lelienhof

Torsdag

23. august



Marit Kaldhol (foto: Øyvind Eide)

08.10-09.40 Bø vidaregåande skule

Nynorsk litteraturhistorie på nett: premiere

Redaktør Per Magnus F. Sandsmark

Redaksjonssekretær Stina Aasen Lødemel

Forfattar Marit Kaldhol

Dagleg leiar Kristian W. Rantala

Arrangør: Allkunne.no

12.30–14.00 Dalen vidaregåande skule **Nynorsk litteraturhistorie på nett**
Arrangør: Allkunne.no

Fredag

24. august

09.00 Vinjesenteret.no

Ny tekst i dag Ottar Grepstad:
"Tillegg til Vinje-bibliografien"

09.00 **Blomar ved Bauta**

Edland: Storegut-statue v/ Ragnvald Christenson

Vinje: Vinje-statue og Vinje-bauta v/dagleg leiar Kristian W. Rantala

Åmot: Vesaas-statuanene v/ ordførar Jon Rikard Kleven

10.00–10.30 Norheimstunet omsorgssenter, Edland
Olav Nordstoga les tekstar av A.O. Vinje I samarbeid med Vinje kommune

10.30–10.45 Rauland skule
Marit Kaldhol les og samtalar med elev I samarbeid med Vinje kommune

11.00–17.00 Vinjestoga, Vinje
Omvising kvar time med ei Vinje-forteljing
Rebecca Egeland

11.30–12.00 Kommunehuset, Åmot
Boklunsj med Jan Inge Sørbo

12.00–12.45 Vinjar samfunns-
hus

Opningshøgtid
Opningstale ved direktør Åse Wetås, Språkrådet
Ragnar Hovland: Alltid undervegs
Allsong og fleire andre innslag
Kr 150



Inne i Vinjestoga (Kjelde: Fylkeslandbrukskesselskapet i Telemark)

12.45 Vinjar samfunnshus

Festivallunsj Kr 50

12.45–13.30 Åmot skule

Marit Kaldhol les og samtalar med elevar I samarbeid med Vinje kommune

13.30–14.15 Vinjar samfunnshus **Dei nynorske fornyarane** Jan Inge Sørbø om *Nynorsk litteraturhistorie*. I samarbeid med Samlaget Kr 150

14.30–15.15 Vinjar samfunnshus **Vinje vestanfor**

Vinje i England og Skottland
Guy Puzey, University of Edinburgh
Kr 150

15.30–16.15 Vinjar samfunnshus **Vinje in English**
Beryl Foster om å omsetje Vinje-songane til engelsk, med lydprøver
Kr 150

17.00 Midtbø

Omvising i forfatterheimen til Tarjei og Haldis Moren Vesaas

19.30–20.45 Festsalen, Vinjehuset, Åmot
Huldra Tingingsverk av Tord Gustavsen med Tore Brunborg, Jarle Vespestad, Sigurd Hole og Rune Børø
I samarbeid med Dei nynorske festspela og Ulvik poesifestival
Kr 400

21.00–24.00 Vestibyllen, Vinjehuset **Festivalkro med alle rettar** GRATIS

23.00–02.00 Vestibyllen, Vinjehuset **Litteraturkviss med Allkunne.no** Kvissmeister: redaktør Per Magnus Finnanger
Sandsmark

Laurdag
25. august

09.00 Vinjesenteret.no
Ny tekst i dag Utdrag frå Rita Mundal: *Tustar før Tusten*

10.00–10.45 Vesaas-salen, Raulandsakademiet
Vinje, makta, økonomien
Morten Søberg, essayist og direktør Sparebank1
GRATIS



Tord Gustavsen / A.O. Vinje (foto: Hans F. Asbjørnsen / Fotograf Mittet)



Morten Søberg (foto: Pernille Blafjell Walvik)

11.00–11.45 Vesaas-salen,
Raulandsakademiet

Det store spelet

Atle Grønn, sjakk-
kommentator i Dag og Tid,
og direktør Åse Wetås i
Språkrådet Kr 150


11.00–17.00 Vinjestoga, Vinje

Omvising kvar time med ei Vinje-forteljing

Rebecca Egeland

11.45 Matsalen, Raulands-
akademiet

Festivallunsj



Sigrid Aase (foto: Johan Nord)

12.30–13.15 Vinje-salen,
Raulandsakademiet

Vesaas-foredraget 2018

Rita Mundal: Tustar før Tusten
Kr 150

13.30–14.15 Vinje-salen,
Raulandsakademiet

Slagerens kunst – Vidar Sandbeck og lyrikken

Foredrag av Kjartan Fløgstad
Kr 150

14.45–15.30 Vinje-salen,
Raulandsakademiet

Tarjei Vesaas' debutantpris

Olav Vesaas og andre om
prisvinnaren 2017 Zeshan
Shakar Kr 100

14.00–14.30 Vesaas-parken,
Åmot **Konsert med Sigrid og
Oddbjørn Aase**

I samarbeid med Vinjedagen
GRATIS

16.00–17.00 Vinjehuset

Gubben på sokkelen.

Familieforestilling om A.O.

Teater for barn av Aasmund og
Ellen Nordstoga. GRATIS

16.45–17.30 Buss frå Raulands-
akademiet til Edland

Litterær transportetappe

Kr 50 / 75 tur-retur

18.00–22.30 Edland samfunns-
hus **FESTKVELD**

Kr 500

18.00–19.15 Festsalen

Vinje, vår mann

Lars Amund Vaage, Aasmund
Kaldestad, Kyrre Eikaas
Ottesen

I samarbeid med Sogn og
Fjordane Teater og Rom for ord
Kr 200


19.30–20.30 Storeguthallen

Festivalkaffi med kringle,
kling og gomme Kr 50

20.30–21.15 Storeguthallen

Storegutprisen 2018

Stein Versto deler ut
prisen til Olav Vesaas.
Aasmund Nordstoga
syng Storegut-songar.
Arrangør: Medlemslaget
Litteraturdagane i Vinje
Kr 100



Lars Amund Vaage (foto:
Hans Jørgen Brun)

21.30–22.30 Festsalen

Fløgstads songbok

Kjartan Fløgstad, Berit Opheim
og Gabriel Fliflet

I samarbeid med Ulvik
poesifestival Kr 250

22.45–23.30 Buss frå Edland til

Raulandsakademiet

Kr 50 / 70 tur-retur



Anne Hytta (foto: Geir Dokken)

23.30–02.00

Raulandsakademiet

**Nattopen festivalkro med
alle rettar** GRATIS

Søndag
26. august

09.00 Vinjesenteret.no

Ny tekst i dag

Ei overrasking

10.00–10.45 Parkering, Plassen

Litterær vandring frå Plassen

til Vinje kyrkje Stein Versto

les på ein stad undervegs

GRATIS

11.00–12.00 Vinje kyrkje

Festivalgudsteneste med

litterær ettertanke

Arrangør: Vinje sokneråd

11.00–17.00 Vinjestoga, Vinje

Omvising kvar time med ei

Vinje-forteljing

Rebecca Egeland

13.00–13.45 Vinje biletgalleri,

Smørklepp

Vinjes Rosa

Jon Haarberg om Rosa Kjeld-
seth, Vinjes store kjærleik og
tragedie Kr 150


14.00–14.30 Vinje biletgalleri,
Smørklepp

Anne Hytta solo Ordførar

Jon Rikard Kleven: Takk og
velkomen attende i 2019 Kr 150

Publiumsundersøking

Tilfeldig utvalde gjester blir
bedne om å svare på ei enkel
publikumundersøking. Takk
for at du blir med!



Jon Haarberg (foto: Hege Flo Øfstaas)

Med atterhald om endringar

Festivalen med gode foredrag

Det viktige foredraget har vore eit kjennemerke for Litteraturdagane i Vinje.

At **Kjartan Fløgstad** (fødd 1944) held gode foredrag, er ikkje nytt under sola. Denne gongen handlar det om 100-års jubilaranten Vidar Sandbeck, ein visediktar og kunstnar med ein forfattarskap det er all grunn til å ta vare på og bruke. Det gjer han på Rauland laurdag.

Ein av dei få samfunnsvitarane som dyrkar essayet, er **Morten Søberg** (fødd 1969). Det har gitt han Språkprisen frå Språkrådet, og i i haust gir han ut boka *Nynorsk lys Eit essay*. Laurdag snakkar han om økonomien, makta og Vinje, sosialøkonom med språkteft som han er.

I 1985 gav **Jon Haarberg** (fødd 1953) ut den skilsetjande boka *Vinje på vrangen*. Frå då har han vore den fremste Vinje-forskaren. Saman med Nina Evensen gav han i vår ut nær 600 Christiania-korrespondansar frå Vinje til Drammens Tidende 1851–59. Søndag gjer han noko han har hatt lyst til i meir enn 30 år: å snakke om Rosa Vinje.



Kjartan Fløgstad

Foto: Julie Pike

Vesaas-foredraget 2018

Rita Mundal: Tustar før Tusten

Vesaas-foredraget er blitt ein institusjon. I år kjem biblioteksjef Rita Mundal (fødd 1968) frå Lom med siste nytt frå litteraturvitskapen når ho laurdag fortel om “Tustar før Tusten”. Våren 2018 fullførte ho ei masteravhandling om tustane i Tarjei Vesaas forfattarskap – om Botolv Bufast (veslebroren til Per Bufast) og andre forgjengarar for Mattis.



Foto: Lom kommune

Vesaas-foredraga 2013–2017

- 2013 Fredrik Wandrup: Små bølger, store dyp
- 2014 Dagne Groven Myhren: Is-slottet – et vintereventyr
- 2015 Lisbeth P. Wærp: Båten om kvelden
- 2016 Stein Versto: “Du mitt nebb imot stein”. Motstand og overskriding hos T. Vesaas
- 2017 Aasne Linnestå: Om Halldis Moren Vesaas

Tarjei Vesaas' debutantpris

Prisen blir kvart år delt ut til den beste skjønnlitterære debutboka. For 2017 gjekk prisen til *Tante Ulrikkes vei* av **Zeshan Shakar** (fødd 1982) frå Oslo. På Litteraturdagane presenterer Olav Vesaas og andre prisvinnaren og boka. Den gjeve debutantprisen har vore delt ut sidan 1964, og pengane kjem frå Nordisk råds litteraturpris, som Tarjei Vesaas fekk for romanen *Is-slottet*.

Prisvinnarar 2013–2017

- 2013 Peter Franziskus Strassegger: Stasia (roman)
- 2014 Gine Cornelia Pedersen: Null (roman)
- 2015 Amalie Kasin Lerstang: Europa (roman)
- 2016 Kenneth Moe: Rastløs (roman)
- 2017 Jan Kristoffer Dale: Arbeidsnever (noveller)



Zeshan Shakar

Foto: Julie Pike

Tante Ulrikkes vei

Halla, hører du meg elle?


Ehh ... Du sa jeg skal fortelle om livet mitt liksom. Dagbok liksom. Det skjer ikke da. Jeg liker ikke skriving. Hvertfall ikke dagbok ass. Det er for kæber, mann.

Jeg snakker isteden ass.

Men ok, jeg er Jamal. Svarting, muslim, fra Stovner, T. U. V., Tante Ulrikkes vei, du veit, representerer alltid. Bor her med moren min og lillebroren min, Suleiman, eller vi sier bare Suli. Faren min ... Tssk. Glem han, han er borte, han tisharen der. Jeg veit folk sier det ikke er bra å si sånne ting om faren sin. Jeg gir faen.

Faren min er en Tishar.

Zeshan Shakar: *Tante Ulrikkes vei*, Gyldendal 2017



Storegutprisen

I år etter år intervjuar han forfattarar og snakka om bøker i NRK Radio. Som biograf har han skrive om både Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas og A.O. Vinje. På Litteraturdagane har han vore kvart eit år. Endeleg får stilsikre **Olav Vesaas** (fødd 1935) Storegutprisen!

Prisen blir delt ut av Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje til den eller dei som på ein positiv måte bruker levande og ledig nynorsk. Prisen har vore delt ut sidan 2001. I juryen sit frå og med 2018 Ragnvald Christenson (leiar), Stein Versto og Guro Ljone.

Prisvinnarar 2013–2017

2013	Artist Herborg Kråkevik
2014	Kvedar Sondre Bratland
2015	Lerum AS
2016	Forfattar og satirikar Are Kalvø
2017	Forfattar og omsetjar Kristin Sørsdal

Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje

Til og med 2017 blei festivalen arrangert av Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje. No oppnemner styret i Nynorsk kultursentrum eit programråd der to av medlemmane blir valde etter forslag frå medlemslaget, som på kvar festival har ansvaret for minst eitt arrangement og deler ut Storegutprisen.

Forfattarar om A.O. Vinje

På **Vinjesenteret.no** dukkar det i 2018 jamleg opp nyskrivne dikt, essay og artiklar om 200- årsjubilanten A.O. Vinje. Til og med midten av juli var desse 13 tekstane publiserte:

Aina Basso: Den dag kjem aldri

Kjartan Fløgstad: Tre oppsongar

Ottar Grepstad: Då Vinje såg Noreg utanfrå

Tom M. Hetland: Vandring med 323 gram Vinje

Jon Haarberg: Bukkesong

Jens Kihl: Den stridsynte

Jørgen Mathisen: Vinjerommet på Gran

Benedicte Maurseth: Indre “korrespondance”

Erlend O. Nødtvedt: aa graata vaargaata graata

Jon Severud: Dølen på engelsk

Gunnar Skirbekk: Vinje – hyperaktuell

Morten Søberg: Vinje i Telemark

Einar Økland: Fleirsyn



Aina Basso

Foto: Tove K. Breistein

Festivalkro og omvisingar

Fredag 21.30–24.00 Vestibylen, Vinjehuset, Åmot

Festivalkro med alle rettar

Litteraturkviss med Allkunne.no frå 22.30

Laurdag 23.00–02.00 Raulandsakademiet

Nattopen festivalkro med alle rettar

Vinjestoga: omvisingar kvar time

Fredag 24. august 11.00–17.00

Laurdag 25. august 11.00–17.00

Søndag 26. august 11.00–17.00

Kr 60 / inkludert i festivalpass

Midtbø open fredag 17.00

Familien Vesaas gir omvising i diktarheimen til Tarjei og Halldis Moren Vesaas fredag 24. august kl. 17.00.

Berre 40 plassar – ting på førehand!



Vinjestoga

Foto: ukjend

Stort utval og gode tilbod i festivalbutikken og på Handlenett.no



Nynorsk litteratur, musikk og mange unike produkt for born og vaksne.
Besøk Handlenett.no eller kom innom festivalbutikken for ein hyggeleg handel!



Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum blei skipa i 1993 og er den einaste nasjonale kulturinstitusjonen med museumsavdelingar og språk- og litteraturfestivalar i tre fylke og ein leksikonredaksjon:

Ivar Aasen-tunet med Dei nynorske festspela

Olav H. Hauge-senteret med Ulvik poesifestival

Vinje-senteret med Litteraturdagane i Vinje

Allkunne.no og åtte andre nettstader

Den faglege nærleiken er større enn den geografiske avstanden mellom avdelingane.

Nynorsk kultursentrum er truleg den einaste kulturinstitusjonen i Norden som er vedtektsforplikta til å arbeide for skriftkultur. Vi er det største litterære museet i Noreg og det eldste språkmuseet i verda, og vi har samarbeids- og driftsavtalar med mellom andre Vinje kommune og Vest-Telemark museum.

Nynorsk kultursentrum feirar 25 år hausten 2018. Litteraturdagane markerer det med tidlegare rådsordførar **Morten Søbergs** foredrag om Vinje, makta og økonomien laurdag.

Vinje-senteret er i gang

Vinje-senteret blir det rause museet som gir publikum meir enn dei ventar og meir enn dei betaler for. Under ein høgare himmel av dikting og journalistikk på nynorsk og bokmål arbeider fire tilsette på heiltid og to på deltid. Vi lagar nye forteljingar om prosakunsten i diktinga og journalistikkens rolle i demokratiet, og blir eit tyngdepunkt for nynorsk på Austlandet. Grunnlaget er livsverka til A.O. Vinje, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas og Aslaug Vaa.

Nedlagde Vinje skule frå 1970-åra blir ombygd og utbetra med tilbygg for å hyse Vinje-senteret på 700 m2 og med Vinjar samfunnshus vegg-i-vegg som grendehus og hovudscene.

Innhaldet blir større enn byggjekostnaden på 26,3 millionar i 2018-kroner. Vinje kommune har løyvt sin del og sett i gang detaljprosjektering. Basisutstillinga kostar 6,3 millionar, og 2,2 millionar er alt på plass.

Nettstaden **Vinjesenteret.no** opna i mars 2016, **Litteraturdagane.no** i juni 2018.





Vinje-senteret



Litteraturdagane i Vinje

**Stort utval i bøker
i festivalbutikken og på [Handlenett.no](https://www.handlenett.no)**



Overnatting

Festivalbase med rabatt

Raulandsakademiet

35 07 32 92 Raulandsakademiet.no

Utøvarhotell og festivalkro laurdag

Festivalpass gir 10 prosent rabatt
på overnatting

Andre overnattingsstader i utval

Rauland høgfjellshotell, Rauland

993 59 000 Visitrauland.no

Groven camping, Åmot

476 46 496 Grovencamping.no


Mjonøy hytter, Vinje

911 48 580 Mjonoy.no

Edland Camping

35 07 02 08

Kart



Sjå Visitrauland.com og Visithaukeli.org for fleire
overnattingsstader og meir info.

Festivalsenter

Vinjehuset

Torsdag 23. august 09.00–18.00

Fredag 24. august 09.00–18.00

Laurdag 25. august 10.00–18.00

Oppdatert informasjon på Litteraturdagane.no

Samarbeidspartnarar

Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje

Vinje kommune

Vinje kyrkje

Diktarheimen Midtbø

Programråd

Kristian W. Rantala (leiar), Odd Nordstoga, Kjersti Rorgemoen, Stein Versto

Velkomen attende til Litteraturdagane i Vinje 2019

Fredag 23.–søndag 25. august 2019

Heile programmet blir lansert onsdag 22. mai 2019

Billetter

Festivalpass kr 1600

Gir tilgjenge til alle arrangement, men gjester med festivalpass må tinge plass på førehand til arrangement i lokale med avgrensa plass.

Billettpakkar

Vinje fredag 12.00–16.00	kr 500
Rauland laurdag 10.00–15.00	kr 500
Edland festkveld laurdag 18.00–22.00	kr 500
Smørklepp søndag 13.00–15.00	kr 250

Kjøp festivalpass og billetter på
eBillett.no og **Litteraturdagane.no**

Med atterhald om endringar



Kulturdepartementet



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Litteraturdagane i Vinje

Vinje-senteret, Vinjevegen 192, 3891 Vinje
Tlf. 77 58 89 30 / 77 58 89 35 (festivalkontor)



TELEMARK
fylkeskommune



Vinje
kommune

@litteraturdagane
#vinjesenteret